



Seljord kommune

Næringskontoret

Arkivkode: K20

Sakshand.: Jørn Ingar Sanda

Dir.tlf.: 35065151

Vår ref.: 2010/1042 - 1

Dato: 15.12.2010

Det Kongelige Miljøverndepartement
Pb 8013
0030 OSLO

Høringsuttale- endringer i roviltforskriften- godtgjering for forsøk på skadefelling av rovvilt (ref. 200904219-/GKM)

Seljord kommune ønsker velkommen ei klargjering av ordninga for kompensasjon for skadefellingsforsøk på rovvilt. Vi vil spesielt trekke fram at det er svært positivt at det blir lagt opp til godtgjering frå dag ein av fellingsforsøket. Men vi har også enkelte merknader til høyringsforslaget:

Kommunane har ingen forvaltningsmyndighet knytt til store rovdyr. Det er det forvaltningsnivå over oss som har. Difor ser vi det som mest hensiktsmessig at utbetaling av godtgjersle blir betalt ut direkte frå Fylkesmannen. Seljord kommune meiner at det vil medføre unødig meirarbeid for kommunane å gjere dette, for deretter å måtte søke om tilskot frå Fylkesmannen for å kompensere våre utgifter. Vi syns også at det er uklart kven som skal avslutte eit fellingsforsøk dersom budsjettramma ikkje strekk til. Det må etter vår oppfatning også klargjerast kven som skal stå økonomisk ansvarleg dersom budsjettramma blir overskride.

Vi er ueinige i at arbeidsgjevaransvaret med tilhørande meirkostnader tilsynelatande blir skyve ned på kommunane, sidan vi som tidlegare nevnt ikkje har forvaltningsansvaret for rovvilt.

Seljord kommune meiner difor at Fylkesmannen bør ha det overordna ansvaret for organisering, samt arbeidsgjevar og forsikringsansvar for medlemmene i skadefellingslaga.

Med venleg helsing

Jørn Ingar Sanda
Landbrukssjef